

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Forsand

Emne: Skav

Bygdelag: Songesand, Lysefjorden

Oppskr. av: Johannes Bakken

Gard: Bakken

(adresse): Songesand

G.nr. 13 Br.nr. 1 - 2.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1: Noke samnamn er ikkje vorte nytta. Men ordet "hjelpefór" har gjerne vorte nytta dei seinste åra. Elles har det vore dagleg talemåte, særleg om hjelpefór, at det er ei "nauverja". Same tyding ligg i: "Det er ei berg". Om lyngen, og stundom halm vert det sagt: mf: "Dæ ø fyddl men ikkje foa". Nynorsk! Det er (mage)fyll men ikkje fór.

2: Noke samnamn er ikkje kjennt, men ordet "Markafór" høver godt til målføret, og har truleg vore nytta. Når det gjeld skav eller lyng seier me her: "Han ø av ette - -" eller berre: "Han ø ette - -". Me brukar òg: "Han ø på lynnjen" eller på lynnjing. Og: Han ø på skaveen". Når det gjeld lauving seier me òg: "Han ø på lauskogjen". Mf: skavee. Nn: skavved.

3: Notid: (eg, ho, han, dei, me): sjæve. Fortid: skov. Har skove eller òg skave. (Altid med lang vokal i fyrste stavning).

4: Det er vel godtsom slutt med skaving å kretura her på gardane no. Men det har meir og mindre vore i bruk like til dei seinste åra. Tidlegare, so langt me veit om, har det å skava vore årvisst på alle bruk. Men her har det kanskje enno meir vore lyngen som har

vore hjelpefór. Ein kan helst ikkje gjeva lyng og skav samstundes. Får kyrne skav "vansar" (vil ikkje ha) dei lyngen. Får dei lyng vansar dei skavet.

Skav og lyng som hjelpefór i eldre tider fyrr 1900-talet kan vel seiast å ha halde buflokken (eller alle kretur under eit) omlag dobbel so stor som ein elles vilde kunna greidd med berre høy.

Eim må med rette kunna kalla skavet årvisst förslag i eldre tider. Etter oml. 1900 og fram til 1930 må ein rekna skavet som hjelpefór i helst vanskelege år.

Omkring 1910 vart det og meir og meir i bruk å kjøpa høy frå Stavanger. Men det vart dyrt. So folk skov og lyngja det dei greidde for å sleppa kjøpa. Foringa var nok heller jamt svelteforing. Målet var liksom berre å kunna koma seg gjennom "vårknibå" - få dei "framfødde". Få kretura "på grase" (nn: på graset). Ordet grase har har her havt to ulike uttaleformer. Vanlegst med lang a, men óg med trykk på siste staving -se.

5: Kansje var Almeskav rekna som det beste, men her er lite Almetre. Rauneskav vart rekna som det kraftigste og beste, og dertil greiast å arbeida med. Ask var godt skav. Eik og lind. Osp var halde for det veikaste. Selja var óg tåleg godt, og sette helst ikkje smak på mjelka. Bartre har ikkje vore nytta til skav.

6: Når borken er avskaven vert alle treslag kalla skjevla (mf: sjevvla). Men berre når borken er nytta til skav åt kretura. Mf: ein sjævell, to sjevvla, dei sjevvlanne. Sers tjukk skavved (oml. 3 tomars eller meir) vart kalla skavlørk. Medels tjukke skjevlar var gjerne óg kalla ein skavkjeppe.

7: Dette rimet er vanleg kjendt her:

Raunen gjev mjelk attåt grauten. Ask gjer kua rask,

Eik gjer kua veik. Selja er det beste kua kan svelja.

Målføre: Raudn skaffa mjellk attåd graudn. Assk jære kunå rassk. Eig jære kunå veig. Sellja ø dø besste kunå kan svellja.

8: Skavet var godtsom berre nytt til kufór, men det hende nok, at dei som hadde øykjer, gav desse og litt skav. Som oftast vart høy og skav gjeve saman til kyrne. Sauer og geiter trong ikkje skav, for desse gjekk ute kvar dag. Kyrne stod inne frå hausten til våren, og det var i denne tid dei fekk skavet. Og elles etter dei var "udsleptte" om våren.

Det kunde vera ulikt om kyrne likte det eller det skavet. Var dei "naddirågge" (nn: trivelege og med god mathug) åt kyrne mest kva det var. Var dei "vanne" vansa dei både det eine og det andre slaget. Raun og Ask var det dei lika best, men Asken veks berre einskilde stader her i Lysefjorden. Skav av Or (mf: År) har vel vore prøvd, men var ikkje vanleg brukt.

9: Ein rekna ikkje med noken auke i mjølka om kyrne fekk skav. Ikkje heller anna skilnad enn smaken i mjølk, fløyte og smør. Alle her veit at berre litt skav set beisk smak på mjelka. Raunesmaken var sterkest og beiskast, Seljesmaken mindst og linnast. Alm og Linn gjorde lite smak på mjelka. Ospeasmaken var og sterkt. Mjølk frå kyr som har fått skav er som rein gift for nylemmede lam.

10: Skaving i eldre tider var i grunnen rekna som ein strengt turvande part av vinterarbeidet for mannfolka. Dei bruk som hadde skavved nær heime vart rekna som vel farne i so måte. Ein måtte nermast dagvisst finna skavved mest kor langt ein måtte gå etter den. På ryggen, på snøkjelke, i båt på fjorden eller med

øyk på snøføre. Det var då godtsom berre raun ein fann i heida. Eik veks berre litt av langs sjøen sume stader. Me veit soleis at det har lege burtmorkna skjevladungar med Sandvatnet som ligg 8 - 10 km. heimanfrå. Dei skovder skavveden vart hogd, og drog berre sjølve skavet heim på kjelke. På garden Brattelid var det ein mann som endå til bygde seg eit "hyssje" (nn: skjol) oppå med Longavatnet. Her sat han skov dag etter dag nermast heile vinteren. Frå dette vatnet kunde han dra skavet over to vatn og so ned ein bratt bakke heim. Øvste garden i Brattelid (no øyde) ligg 300 m. o.h.)

Til hessjeråde (til å hesja høy på) brukte ein helst furu.

11: Ein seier gjerne her: "Han æ i marrkjå" når han er ute i marka etter noe enten det er skav, lyng, lauv eller anna. Sjå elles svar nr. 2.

12: Skilje mellom skav og skavved er skarpt.

Ordet skav kan berre nyttast om skavved når det ligg klårt i talen at ein med skav meiner skavved.

Ein skavdunge - mf: skavdonne. Ei skavvedbør - mf: skavverbør. (Lange vokalar)

13: Gjerningsordet marka er ikkje kjendt her.

Sjå svar 2 og 11.

14: Å finna skavved vart rekna som vanleg vinterarbeid for mannfolka. Å skava var gjerne både manns- og kvinnfolk arbeid - etter som det høvde.

Knut Moen fødd oml. 1831, død oml. 1920, då husmann under Songesand, var ikkje plent rekna for strengt kristeleg. Han Knut meinte det måtte gå an å "løysa Gaml-Erik".

Han vilde ha han til å finna skavved. (Eikeskavved i Rømatonå). Men skulde han kunna løysa "Gaml-Erik" måtte han også ha Svarte-boka. Ein gong Knut var i Stavanger, gjekk han inn på ei bokbød og spurde om dei hadde Svarte-boka.

"Nei diverre" sa mannen bak disk'en. "Eldtidens Svartebok har me ikkje her, men i Kristiansand er ho å få".

Knut tagde, tenkte litt og svara: "Dæ va sjitt dæ. Eg hev sakta vore i Kristiansand". - Soga er sann. Knut var ein stillsleg og roleg mann. Litt av ein verprofet Les teksten kvar helgedag. Og les mykje i Almanakka.

Mf: Allnakkå.

15: Det vanlegste var nok inne i stova eller i kjøken. Då kunde ein nyttja kveldane til skavinga.

Skavveden måtte tinast opp om den var frøsen. Som dagsarbeid elles skov dei i løda. Snaut ingen sat skov utadørs når skavveden var heimboren.

16: Skavljåen mf: skavjåen. var det vanleg reidskap ein skov med. Det var enten ein avbroten longorvsljà eller ein stutt stuttorvsljà. Med ei fastsurra klæfilla som handtak innmed tjoet på ljåen.

17: Det skal nok ein del øving i å kunna skava. Skavveden vart vanleg hogd i lengder på 12 - 18 tomar. Ein brukte skavljåen til å hogga av småkvistar og småhumper etter kvart som ein skov, slik at greinestubben vart vart mest mogeleg slett og jamm. Tjukkare kvistar hogde ein vél av når ein lesste børa.

Skavljåen held ein med høgre handa, og let ljåspissen ha fast støde mot skavhælen eller skavstauren.

Skavveden (greinestubben) fører ein med vinstre handa att og fram under ljåen og soleis skjev borken av.

Ein skjev først eine helvta, snur skavveden og tek resten i andre enden. Det er soleis vistre handa som dreg veden att og fram under ljåen, som støtt må ha støde mot skavstauren. Er greinestubben rett og jamm går dette fort, men er greina småkroket og humpet (som eika er)

må ein både vrida greina med vinstre handa (mf: visstrå) og samstundes vrida ljåen etter treet med høgre (mf: høggrå) for best mogeleg å fylja treet. Ein må også rekna med eit kraftigare drag når ein kvist eller ein småhump kjem under ljåen.

Når all borken er avskoven (avskaven) - og berre då - vert det ein sjævell. Ei grein eller trelurk med bork vert aldri kalla sjævell.

Tunne kvistar (0,5 sm. oml.) rispar ein opp langsetter mf: på lengs). Sers tunne kvistar går heile i skavet. Skavved med tjukkare bork skal skavast i tunne skiver (blokker). Di tunnare di betre. Til dette kan også tollekniven brukast. Mf: Tålekniven.

Andre måtar å skava på er ikkje kjende her.

18: Ein må ha fast støde for ljåspissen. Det var vanleg at ein brukte skavstaur som også vart kalla skavhæl. Mf: ein skavhædl, den skavhædln. (lang æ). Stauren var oftast ein avsaga kornstaur som ein klemde godt fast miliom golvet og bjelken i lemmen - inne i stova.

Skavstauren vart gjerne ståande frå dag til dag i lengre tid. Andre tok den vekk med dagen - om dei ikkje skov då. Sengestolpen vart oftast nytta som skavhæl her på Bakken. Ein brukar ordet skavhæl om både skavstauren og elles det ein nytta til å halda ljåen innat.

19: Den som skjев sit på ein lagleg krakk, benk eller stol med høveleg høgd. Sjå svar 17.

20: Alle slag tre ein skjev av til kreturmat vert kalla skavved mf: skavee. Andre nemningar vert ikkje nytta.

21: Alt som vert gjeve til kretturå av det som har vore under skavljåen vert kalla skav. Småstubar eller

eller helst tunne blokker vert kalla skavblokke eller skavblokkje. ei blokka, fleire blokke. Me nyttar her både ei blokka, eit blekkje. Ei laublokka, eit laublekkje. Om tunnt skav brukar me vanlegst ei blokka, men brukar også som heilt naturleg å seia eit skavblekkje.

22: Til å vera god skavved reknar ein alle småkvistar og elles alle greiner ikkje altfor tjukke - opp til ein tome i tvermål. Skav frå unge tre likar kretura vest. Tjukkare skavved-lorkar (mf: lorrka) gjerne opp til 3 - 4 tomars eller meir vert også nyttar, men då må borken skavvast i tunne lag. Di tunnare og mjukare di betre.

Lengda på skavveden kan vera ulik. Høgg ein denne til i skogen og lesser ei bør (ryggjabør) må veden helst IKKJE vera for stutt, helst ikkje under 12 - 18 tomars, for då vil den lett detta av toget (mf: tåije).

Beine (rette) skavlorkar vert gjerne hogde nokre lengre enn vanleg. Desse var gode å ha liggjande til økseskraft, rivehover, kilar og mangt anna.

23: Alt slag tre som er avskave for å få skav til kretura vert kalla sjævbla. Ein sjævell, dei sjævblane. enten dei er tunne (granne) eller tjukke. Er desse 3 - 4 tomars eller meir og gjerne lengre enn vanleg vert dei kalla skavlorrka.

(Lorrk er vanleg nemning om alle slag tre som er tjukke som ein staur eller meir. Men det er ikkje lorrk utan at det er nedhogd.)

24: Det skal ganske visst både øving og hannahand til å skava fort og fint. Det er godt növe til å gjera slarve arbeid. Ved å skava for tjukt eller og ikkje ta all borken med. Er borken litt tjukk skal ein skjera den i tunne lag eller skiver slik at ei skavblokka

Sjø 17
AR.

9639

vert tunn dvs. er lik null innmed veden og so berre ei litt tjukkare borkestripa langs andre kanten, på langs, og soleis fara rundt skavveden berre frå ein kant.

Det vil ofta fylgja med litt tre, og det vert gjerne rekna som beste skavet.

25: Skjevlane vart rekna som sers god brenneved, og var dei tunne vart dei gjerne lagde til-sides til ein skulde baka flatbrød mf: fladdbrø.

*Ljå 22.
A.R.*
Det var vanleg at ein hadde tjukkar skavlorkar (skjevlar) liggjande år etter år, og nytta desse til det som høvde, som nemnt i svar 22.

26: Det er vel no nermast heilt slutt med å skava til kretura. Ein kjøper no høy og mjøl. Men det var ikkje slik fyrr.

I Brattelid, grnr 11, brnr. 1 - 2 har det inntil for berre nokre år sidan vore brukta å skava litt til kyrne, ikkje plent for å spa høy og mjøl, men fordi kretura, serleg ungdyr (mf: veddrungaf) gjer godt av å få skav i tillegg til det andre foret. Dei "tege seg" eller "kjeme seg" so mykje forare då, når dei kjem ut på summarbeite.

o -o- o